

Forskarforbundet ved UiO
NTL ved UiO
Parat ved UiO
Akademikarane ved UiO

Dato: 22.09.2021
Dykkar
ref.:
Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

Referat frå informasjons- og drøftingsmøte, 22.09.2021

Grunna Covid-19 vart møtet gjennomført via den digitale plattformen Zoom.

Frå organisasjonane

- Elin Arntzen og Caroline Hals – NTL
- Mattias Solbakken – Akademikarane
- Cecilie Wingerei Lilleheil – Forskarforbundet
- Asle Fredriksen – Parat
- Mari Gakkestad – lokalt hovudvernombod

Frå fakultetet:

- Anne Julie Semb - dekan
- Gudleik Grimstad – fakultetsdirektør
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjend.

Forskarforbundet etterlyser sak dei har meldt inn om timelærarar ved fakultetet. Dei etterspør felles retningslinjer for handsaming av denne gruppa ved fakultetet for å ivareta gruppa. Det er mange jobbar som timelærarar over fleire år, og FF lurar på om ein har vurdert å gje denne gruppa ein fast stillingsprosent i staden. Vidare er det fleire som melder inn at dei har starta i stillingane før dei har fått arbeidsavtale. Dette siste vert stadfesta av Akademikarane som har medlemmar som har jobba i 2 månader, men endå ikkje fått timelønsavtalar.

Fakultetsdirektøren seier at ein vil koma tilbake med denne saka i seinare IDF, og at ein jobbar med å få den fulle oversikt over status ute på dei ulike einingane.

Saker til fakultetsstyremøtet vart lenka opp her frå og med torsdag 16. september:
<https://www.sv.uio.no/om/organisasjon/styret/moter/2021/index.html>



Fakultetsadministrasjonen

Postadr.: Postboks 1084 Blindern, 0317 Oslo
Kontoradr.: Eilert Sundts hus 3. et., Moltke
Moes vei 31, 0851 Oslo

Telefon: 22 85 62 64
Telefaks: 22 85 48 25
postmottak@sv.uio.no
www.sv.uio.no
Org.nr.: 971 035 854

Drøftingssaker

1. Administrativ organisering

- Organisering av Personalseksjonen i fakultetsadministrasjonen. Notat frå fakultetsdirektøren var vedlagt innkallinga, kunngjeringsstekst seksjonsleiar vart ettersendt.

Fakultetsdirektøren orienterte om bakgrunnen for endra organisering og oppretting av stilling som leiar for personal og HR ved fakultetet.

NTL støttar at ei slik stilling vert oppretta då dei ser at det er behov for fleire tilsette slik at ein i større grad skal kunne fokusere på utviklingsoppgåver ved fakultetet. NTL spør også om det er planar om å leggja dei 4 personalressursane som er tilsette ved PSI under personalfunksjonen ved fakultetet.

Forskarforbundet støttar også oppretting av denne stillinga, men gjer samstundes merksam på eit stort behov for å auka kapasiteten på ordinære driftsoppgåver, der det er eit press for å få sakene unna.

Fakultetsdirektøren seier at for maksimal utnytting av personalressursane ved fakultetet kan det vera hensiktsmessig å leggja personalressursane ved PSI under ny leiar ved fakultetet. Samstundes kan ein ikkje gjere dette utan god dialog med PSI, og personalkonsulentane og -rådgjevarane ved PSI utfører også tilleggsoppgåver for leiinga ved PSI, som personalgruppa ved fakultetet ikkje utfører for dei resterande einingane ved fakultetet. Dette gjer at ein ikkje utan vidare kan samla denne gruppa organisatorisk.

- Styrking av økonomikontrollerfunksjonen ved fakultetet. Notat frå fakultetsdirektøren vart ettersendt.

Fakultetsdirektøren orienterte om bakgrunnen for styrkinga av denne funksjonen.

Forskarforbundet støtta utvidinga og ba fakultetet ha ekstra fokus på denne gruppa då det har vore stort arbeidspress på controllarane ved fakultetet, noko som har medført stor turnover. Det er viktig at ein no etablerer ei gruppe som er stabil over tid.

- Organisering av kommunikasjonsarbeidet ved fakultetet - plan for vidare arbeid. Notat frå fakultetsdirektøren var planlagt ettersendt.

Fakultetsdirektøren informerer om at fakultetet ikkje er ferdig med planen, men ein har starta prosessen. Ein kjem attende til IDF med denne saka, vonarleg i løpet av hausten.

- Organisering av IT/AV ved UiO. Sjå lenke til styrepapira over.

Fakultetsdirektøren orienterte om saka, som er styrt av UiO sentralt.

NTL meiner saka er rotete og kan ikkje skjønar at ei sentralisering vil løna seg. Dei er uroa for at arbeidsoppgåver som i dag vert utført av lokal IT vil bli lagt til andre tilsette ute på einingane.

Fakultetsdirektøren seier at ein vil koma tilbake til denne saka i seinare IDF-møter.

2. Forslag til strategisk plan for 2022-2030. Sjå lenke til styrepapira over.

Dekanen orienterte om arbeidet med planen og at den vil vera diskusjonssak på neste styremøte, og at ein tek sikte på å vedta den på møtet i desember.

Verneombodet meiner at forslaget ser bra ut, men saknar eit punkt om organisering av arbeidet som ein viktig faktor for å fremja eit godt arbeidsmiljø.

Forskarforbundet er samd med verneombodet og peikar på at ein nemner spesifikt karrierestøtte for vitskapleg tilsette som er i tidleg karrierefase. Det manglar omtale av karrierestøtte for teknisk- og administrativt tilsette og for etablerte vitskapleg tilsette. Vidare saknar Forskarforbundet eit overordna verdistandpunkt arbeidet med arbeidsmiljø ved fakultetet.

3. Status årsplan 2021-2023 og skisse til årsplan 2022-2024. Sjå lenke til styrepapira over.

Fakultetsdirektøren spør om det er kommentarar til årsplanen.

Verneombodet syner til punktet i årsplanen for 2021 der det står at det skal gjennomførast eit kurs i konflikthandtering for leiarane. Verneombodet ber om tilbakemelding om eit slikt kurs er gjennomført, og oversikt over kor mange av leiarane som har delteke.

Vidare står det i skissa for 2022-2024 at ein skal følgje opp føreslegne tiltak etter ARK-undersøkinga. Dette meiner verneombodet er lite ambisiøst då fakultetet kunne ha rukke å gjennomføra endå ei ARK-undersøking før årsplanen 2022-2024 er over, dersom ein føl NTNU si anbefaling om to-års intervallar på undersøkinga. I tillegg kan andre, både kontinuerlege og sporadiske, arbeidsmiljøtiltak gjennomførast.

Forskarforbundet syner til mål 16 i planen der det står at ein skal utvikla ei tydeleg leiing. FF lurar på kva som ligg i ordet «tydeleg». Vidare er planen litt tynn når ein kjem til tilsette som ikkje er vitskapleg tilsette tidleg i karrierefase i mål 18. Alle tilsette bør vera i ein karriereplan og ha tilbod om kompetanseutvikling. Forskarforbundet ynskjer også at mål 19 om eit trygt og godt arbeids- og studiemiljø vert utvida med fleire tiltak, og synleggjering av fakultetet sine ambisjonar på dette området.

4. Fordeling 2022. Sjå lenke til styrepapira over.

Ingen kommentarar til fordelinga.

Informasjonssaker

A. Fakultetsstyreseminaret 23. - 24. september 2022, sjå saker til fakultetsstyret over.

Ingen kommentarar til dei resterande styresakene.

B. ARK - orientering om status

Dekanen orienterte om at frist for å svare på undersøkinga var utgått, og at det store bilete er overraskande godt med tanke på at dei tilsette står i ein pandemi og store deler at dei tilsette for tida jobbar i midlertidige lokale. Det som ser ut til å gå igjen er tilbakemeldingar om stress. Resultatet frå ARK skil seg i liten grad ut frå tilsvarande undersøkingar ved andre einingar ved UiO, og i sektoren generelt. Ein er i gang med å førebu leiarane ute på einingane på det viktigast arbeidet som er å følgja opp resultatata frå undersøkinga lokalt.

Forskarforbundet synes det er gode nyhende at dei tilsette i stor grad er nøgde med arbeidsmiljøet, men minner samstundes på at eit godt resultat ikkje må bli ei kvilepute. Det er avdekket spesifikke problem i undersøkinga, og ein forventar at fakultetet kjem attende til IDF med informasjon om korleis ein jobbar vidare med ARK lokalt på einingane.

Parat anbefalar fakultetet til å også gjennomføra ei PULS-undersøking. Dette vert støtta av dei andre organisasjonane og verneombodet.

C. Flytting og oppussing ESH - orientering om status

Fakultetsdirektøren orienterte kort om bakgrunnen auka kostnader og at prosjektet er forsinka slik at ein først ved årsskiftet 2022/2023 vil kunna flytta tilbake til ESH.

D. Personalsituasjonen

I tillegg til dei stillingane som er i drøftingssak 1 har fakultetet:

- lyst ut ledig stilling som teamleiar innan reknskap
- lyst ut ledig stilling innan personal

Direktøren informerte at kontorsjefen ved ISV, Ida Weseth Bjøru, er attende i stillinga etter lenger tids permisjon.

-Det er elles mange nytilsettingar, både i vitskapelege og administrative stillingar ved grunneiningane.

Med helsing

Gudleik Grimstad
fakultetsdirektør

Aud-Jorunn Sandal
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:

Aud-Jorunn Sandal

+4722858224, a.j.sandal@sv.uio.no